

Møtebok-Lom Fjellstyre

Sak nr.:	02/2018	Arkiv nr.:	610.0	Møtedato:	19.02.2018
Saksbehandlar:	Odd Repp				

Forslag til endringar i jaktid for bruk av hund på jakt etter rådyr, hare og raudrev.

Sakspapir:

- Fjellova med forskrifter
- Sak nr. 38/2017 i Lom fjellstyre
- E-post den 2.2.2018 frå Lom JFF.

Saksutgreiing:

Fjellstyret drøfta i sak nr. 38/2017 endringar i jakttida for bruk av hund på jakt etter rådyr, hare og raudrev, og gjorde samråystes vedtak om å varsle og leggje ut dette forslaget til ny ordning:

«Jakt med hund på rådyr, hare og raudrev er tillate frå 11.10 og ut jakttidsrammer og reglar sett frå Miljødirektoratet. For innanbygdsbuande kan jakt på rev med hund skje etter løysing av småvilt- eller smårovvilt kort. For utanbygds blir det oppretta eit eige kort til jakt på raudrev med hund, det blir sett eit tak på 5 kort, pris kr 300,- og korta blir selt fortløpande. Ved stor pågang tek fjellstyret atterhald om å gjere endring i ordninga.»

Forslaget har vore sendt til Lom vilt- og innlandsfiskenemnd for deira uttale, og har vore varsla og lege ute til offentleg gjennomsyn med frist til å kome med merknader før fjellstyret tek endeleg avgjerd.

Lom JFF v/leiar Jørgen Vole har med e-post den 2.2.2018 sendt over eit innspel til forslaget som dei har fått frå Ole Kristian Gråv. Lom JFF skriv at dei ikkje har kapasitet til å behandle saka innan den fastsette tidsfristen, og kome med noko innspel til forslaget. Dei ber fjellstyret sjå på og vurdere innspelet dei har motteke og sendt over, før det vert gjort eit endeleg vedtak.

Vedkomande hevdar at harejakt med hund er ei nedprioritert jaktfotm i kommunen, og at årsaka til dette mykje er manglende tradisjon og erfaring med denne jaktfotma. Erfaring frå andre område syner at denne jaktfotma er lite konfliktfylt i høve til anna jakt, under føresetnad av at det frå alle jaktinteresser vert vist gjensidig respekt og teke omsyn til kvarandre ved utøvinga av jakta. Han peikar også på det spesielle ved at utanbygds og innanbygds jegerar med hund på harejakt i statsallmenningen vert likestilte med omsyn til tidspunktet for jaktstart. Med jaktstart den 11. oktober kan sesongen for jakt med hund bli svært stutt enkelte år, da det i allmenningen er mest høgtliggende jaktterreng. På privat grunn i kommunen er det ikkje opna for denne jaktfotma på noko jaktterreng. Dette gjer det ytterlegare vanskeleg å få trena hund og praktisert denne jaktfotma i Lom.

Innspelet munnar ut i dette forslaget: «Mitt forslag er at jakttid for hare og rev med drivende hund for innenbygdsjeger bli samkjørt med fuglejakta 15.9-23.12, evt. med et kort opphold først i elgjakta (fks. 25.09-01.10.)»

Møtebok-Lom Fjellstyre

Lom vilt- og innlandsfiskerenemnd behandla saka i møte den 29.1.2018, sak nr. 1/2018, der det vart gjort slikt samråystes vedtak:

«Vilt- og innlandsfiskerenemnda har ingen merknader til forslaget frå Lom fjellstyre om jakttid for bruk av hund på jakt etter rådyr hare og rådyr frå 11.10.»

Opplysningar og merknader:

Å opne for harejakt med hund for innanbygds jegerar samstundes med fuglejakt med hund, dvs. den 15. sept., vil truleg vera lite konfliktfylt med det jakttrykket vi har av denne jaktforma pr. i dag. Dette tenkt i høve til både beiteinteressene og anna jaktutøving. Det er uheldig å prioritere sterkare den eine jaktforma framfor ei anna, og frå dei sentrale myndighetene er det presisert at dei forskjellige jaktformene bør kunne utøvast parallelt. Om det skulle oppstå konfliktar, har dessutan jaktrettshavar høve til å gjera grep for å regulere jakttida og tilpasse jaktformene att.

Ei eventuell endring av forslaget må leggjast fram for den kommunale viltnemnda til ny høyring, jf. § 23 i fjelova, siste avsnitt, samstundes som vedtaket vert varsla og lagt ut til offentleg gjennomsyn på nytt, med høve til å kome med merknader til det nye forslaget.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret har forståing for at det er ønskjeleg med ein tidlegare jaktstart for å få ein lenger jaktsesong for utøvinga av harejakt med hund, og har med bakgrunn i innspelet vurdert saka på ny. Etter ei heilskapleg vurdering stiller fjellstyret seg positive til forslaget, og grunngjев dette med at det pr. i dag er eit lågt jakttrykk av denne jaktforma i statsallmenningen, og dermed lite konfliktfylt i høve til beiteinteressene. I tillegg til dette er det eit manglende tilbod på privat grunn i kommunen om denne jaktforma. Forslaget i sak nr. 38/2017 blir såleis endra til:

Bruk av drivande hund til jakt på rådyr og raudrev er tillate frå 11.10. og ut den jakttida som er sett i jakttidsrammene av Miljødirektoratet for desse artene (for rådyr den 23.12. og for rev den 15.4.).

Bruk av drivande hund til harejakt vert samordna tilnærma fuglejakt med hund, slik at denne jakta er for innanbygdsbuande tillate i perioden 15.9. – 23.12., med unntak av første veka av elgjakta, dvs. 25.9. – 1.10. Harejakt med hund for utanbygdsbuande er tillate i perioden 11.10. – 23.12. (som før).

For innanbygdsbuande kan jakt på rev med hund skje etter løysing av småvilt- eller smårovvilt kort. For utanbygdsbuande blir det oppretta eit eige kort til jakt på raudrev med hund, det blir sett eit tak på 5 kort, pris kr 300,- og korta blir selt fortløpande. Ved stor pågang tek fjellstyret etterhald om å gjere endring i ordninga.

Vedtak:

Som framleggget.
Samråystes.

Møtebok-Lom Fjellstyre

Vedtaket vert sendt Lom vilt- og innlandsfiskenemnd til ny uttale, varsla og lagt ut til offentleg gjennomsyn med frist til å kome med uttale til det nye forslaget innan den 15.3.2018.

Utskrift går til:

- Lom vilt- og innlandsfiskenemnd, Lom kommune – berre som e-post
- Lom jeger- og fiskarforeining v/leiar Jørgen Vole, berre som e-post
- Lom sau- og geitalslag v/leiar Torkjell Solbakken, Ottadalsvegen 6195, 2686 Lom